

Bustadbyggjing på UU-møtet

05.11.2012

Uskedalen Utvikling held det neste møtet sitt onsdag klokka 19 i Gamlaskulen og kveldens tema er bustader og bustadbyggjing.

Det gjeld ferdige prosjekt som er lagde ut for utleige og sal, regulerte bustadfelt som er i startgropa og planlagde prosjekt.

Møtet skal med andre ord gje ein totaloversikt over tilbodet, som er det største og mest allsidige i kommunen.

Det er ynskjeleg at det møter representantar frå kvar utbyggjar som kan informera om sine prosjekt.

- Møtet er ope for alle som ynskjer å få veta meir om status og vidare arbeid med prosjekta, seier leiar i UU Kristian Olav Bringedal